



Sol og smil i heia

– Påsken i heia har stort sett berre vore breie smil og flotte tilbakemeldingar, fortel dagleg leiar ved Gullingen turistsenter, Jan Nilsen.

Side 2 og 3



Vil ha Jøsenfast

Klubbleiar på Norsk Stein, Jan Ove Jørmeland, frontar nå dei tilsette sine innspel på korleis arbeidsvegen kan bli betre.

Side 5

SOMMARDEKK



Norges mest kjøpte dekk



Tjelmane Dekkservice AS
Sand - tlf. 52 79 74 77



Suldalsposten

Onsdag 3. april 2013 Årgang 38 nr 26 Laussal kr 20,-



Foto: Hans Magne Heland

Nummeret før himmelen

Etter trufast tråkk oppover bakkane, sette 24 skiløparar utfor i årets Snønuten Open. Sol og skarpt føre gjorde sitt til at sluttidene blei gode. Vinnar Erik Bård Bråtveit brukte åtte små minutt og 19 sekund ned frå nuten. **Side 7**



Vårteiknet framfor nokon

Kvitveisen er i hus trass kalde påskenetter. Signy Nærheim henta denne buketten påskeaftan ved Suldalslågen. Foto: Sverre Johan Nærheim

Nye avis dagar frå april: Onsdag og fredag.



Årets lagbilette viser mange nøgde glis trass sveitte klede og støle lårmuskler. Foto: Bjarne Marvik Helland

Nedtur som gir opptur

Susande god fart på skaren gav både mjølkesyre og raske nedfartstider i årets Snønuten Open.

Marta-Brit Lunde

Påskeaftan var det ellevte gong at det tradisjonelle vennerennet Snønuten Open blei arrangert. Etter at omlag 1200 høgdemeter er tilbakelagde, er reglane få og enkle; først frå nuten og ned til brua ved Mostølen.

Rekordtider på raskt føre

Stålkantane på skia var nok ekstra godt slipte i år. 24 menn og kvinner stilte til start. Eit fint tal ifølgje Hans Magne Helland. Øvst på resultatlista blei ein ganske så lokal vinnar, Erik Bård Bråtveit, som tangerte rekordtida frå i fjor på 8 minuttar og 19 sekunder. På kvinnesida klinka Rut Undheim like godt til med rekordtid og kom inn på tida 10:32.

Mjølkesyra

– Eit par fall, men ingen varige mén, humrar Helland på spørsmål om nokre av utforkjøranane skamfor seg denne laurdagen. Den seks kilometer lange løypa viste seg å vera utfordrande, og snøforholda gav god fart.

– Det var steinhard skare mange stader, men frå og med Kyrkjesteindalen var føret bra, seier han.



Turen frå Mostølen startar på om lag 600 meter over havet, og på vegen opp til Snønuten, som ragar 1604 meter over havet, må det ein stopp for mat og prat til. Foto: Hans Magne Helland